



Det har vorte fint rundt kloakkreinseanlegga. Her er det på Børnes dit leidningane frå dei sentrale delane av Uskedalen skal førast. Servicebygningane på Børnes og Korsnes kallast populært for katedralane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er gjort ein god jobb med reinseanlegga på Børnes og Korsnes, men arbeidet med å få på plass kloakkleidningane frå dei sentrale delane av Uskedalen til Korsnes kjem neppe i gang før til hausten.**

Ein har ikkje heilt klart å halda planen som vart kunngjort tidlegare i vår, men no tar det til å skje noko med første del av byggjesteg to.

Det skal ein av dei fyrste dagane opnast anbod på pumpestasjonar ved oppvekstsenteret og bryggja.

Med i denne pakka er også ein pumpestasjon som skal på plass i samband med den nye veggen på Husnes.

Deretter skal ein gå gjennom anbodsgrunnlaget for jobben med kloakkleidningane mellom dei sentrale delane og Uskedalen og Børnes og dette arbeidet vil bli lyst ut om stutt tid, det vil seia før ferien. Noko bestemt om byggjestart og byggjetid er det førebels for tidleg å seia noko om.

Det opplyser prosjektleiar Ivar Kåre Døssland i kommunen til uskedalen.no

Det er firmaet Asplan Viak som styrar det praktiske i prosjektet i eigenskap av konsulent.

Av Ola Matti Mathisen